

Øy Nytt

Kyrkjehed for Øygarden



Konfirmasjon i Øygarden. Sjå meir siste side
Foto: ONT

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Da Vinci-koden	side 2
Holy Riders.....	side 4
Minneord om Mikkel-Johan Olsen.....	side 4
Barneveka	side 6
Kjersti og Andreas til Nairobi	side 9
Konfirmantar 2006	side 13



Da Vinci-koden

På en nylig tur til London var det ikke mulig å unngå å registrere premierdatoen for filmen "Da Vinci-koden" den 19.mai. "Eurostar"-toget til Paris var dekorert med filmeffekter, plakater minnet om saken på undergrunnsbanen, og i Park Lane kom en kineser bort til meg og ville selge en (pirat)DVD-utgave. Og som om ikke det var nok, var det bare ett spørsmål sikkerhetskontrolløren på Gatwick var opptatt av å stille presten fra Norge: Hva mente jeg om "Da Vinci"?

Filmen, med Tom Hanks og Audrey Toutou, har så langt fått blandet kritikk. Den er bygget på Dan Browns bok med samme navn, som for tiden er en bestselger i Norge. Fra den ble gitt ut her i 2004 er den solgt i over 360 000 eksemplarer.

Hvorfor selger boken så godt?

I tillegg til at den er godt skrevet, ser det dessverre ut til at det å angripe klassisk kristendom, og søke åndelighet utenfor den etablerte kristne kirken slår godt an.

I USA har det kristne forlaget Tyndale Press lansert en kampanje mot filmen i mer enn 2300 kristne bokhandlere. Kampanjen har fått navnet "Da Vinci overbeviste ikke meg". Dr. Erwin Lutzer, prest i Chicagos Moodykirke, kaller boka for den største trusselen mot kristendommen.

Og fra kristent hold i Norge har det kommet viktige motforestillinger, som kommer til uttrykk på det helt nye nettstedet <http://www.davincikoden.info>

Leserne blir i "Da Vinci" revet med i en intens handling, spennende koder og tilsynelatende lærerike opplysninger om historie og kultur, og om Jesus og kirkens framvekst. Og mange lar seg fascinere av bokas teorier og påstander, *selv om disse mangler ethvert grunnlag i historiske fakta*.

Men klassisk kristendom er bygget på fakta. Og det er fakta som *det apostoliske vitnesbyrdet* har gitt oss.

Og derfor er mitt budskap til dere som prest:

Skal vi være en sann kirke, være rette kristne, ja finne veien til Gud, må vi Tro som apostlene.

Uten deres vitnesbyrd i Den Hellige Skrift er det ingen kristendom!

Jeg sier derfor med Den Hellige Apostel:

"Jeg kunngjør for dere, søsken, det evangelium jeg forkynnte dere, det dere har mottatt og står på. Gjennom det blir dere også frelst, når dere holder fast på ordet slik jeg forkynnte det, ellers blir det forgjeves at dere kom til tro... Men er ikke Kristus stått opp, da er vårt budskap tomt, og deres tro er også tom..."

Men nå er jo Kristus stått opp fra de døde..."

(1.Kor.15,1-2;14+20a)

sokneprest@kyrkja.net

Vitjing til sjuke og døyande

Kyrkjekontoret er takksam for informasjon om sjuke/døyande som ønsker vitjing av prest. Dette er noko presten prioriterer, men det er ikkje alltid enkelt å få oversyn over dei som ønsker vitjing.

Vi treng difor hjelp til dette. Ring sentralbordet 5638 2240 eller direkte til prest 5638 2244.



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingent:	Min. kr 100,- pr. år innan kommunen Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen kr 100,-
Takkeannonser:	3628 07 02557
Kontonr.:	Grafisk Team AS
Layout/trykk:	Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse:	Helse- og tenestesenteret, Rong
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	56 38 22 40
Faks:	56 38 22 41
Vakttelefon:	56 38 22 44
E-post:	kontor@kyrkja.net

Internett sider:

kyrkja.net
Opningstid:

måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær	Kari Sandøy Rong kontor@kyrkja.net tlf. 56 38 22 40
----------------	--

Kyrkjelydspedagog	Rannveig Vestbøstad Vik kyrkjelydspedagog@kyrkja.net tlf. 56 38 22 47
-------------------	---

Kantor	Anne Lise Grøm - permisjon
--------	----------------------------

Organistvikar	Torgeir Landro torgeirlandro@hotmail.com
---------------	--

Sokneprest	Svenn Martinsen sokneprest@kyrkja.net tlf. 56 38 22 44
------------	---

Kyrkjeverje	Odd N. Thormodsæter kyrkjeverje@kyrkja.net tlf. 56 38 22 43
-------------	---

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje	tlf. 56 38 70 22 blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/gravar:	Kåre Kristoffersen Mobil 97 72 72 21
Klokkar:	Ole Vik

Hjelme kyrkje	tlf 56 38 80 30 hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/gravar:	Kari B. Solheimslid Mobil 9772 74 57

Råda:

Blomvåg sokneråd:	Leiar: Bente H. Guntveit
Hjelme sokneråd:	Leiar: Atle Dåvøy
Øygarden kyrkjelege fellesråd:	Leiar: Gustav Landro

Teamet 05/06:	tlf 45 27 67 35
Barnearbeidare:	Kari Skår tlf. 56 38 22 46

**Frist for stoff til
nr. 4/06 er 14. august
Til abonnement 31. august**

Fest for Den heilage ande

Av prestevikar Einy Rendal Elgsæther

Bibeltekst. Johannes 14, 23 – 29:

Jesus svara: «Den som elskar meg, held fast på ordet mitt. Og den som elskar meg, skal Far min elsker, og vi skal koma og ta bustad hos han. Den som ikke elskar meg, held ikke fast på orda mine. Og ordet de hører, er ikke fra meg, men fra Far, som har sendt meg. Dette har eg sagt dykk medan eg enno er hos dykk. Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.

Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikke fred på same måten som verda gjer det. Lat ikke hjartet dykkar uroast, og ver ikke motlause! De hørde at eg sa: Eg går bort, og eg kjem til dykk att. Elska de meg, så gledde de dykk over at eg går til Far, for Far er større enn eg. No har eg sagt dykk dette før det hender, så de skal tru når det hender.»

Sjeldan får vi så sterkt innsyn i sameininga mellom Gud Fader, Guds Son og Guds Ande som i denne teksta. Dei går i eitt.

Pinsa er eit avslutta heile, der sameininga er fullført. Samtidig er dette starten på noko heilt nytt; at Kristi vene vart utrusta til å bli sendt og til å senda. Ordet vi fekk gjennom Sonen, men som var Guds eige

Takk for innsatsen!

I kuling og regn torsdag 6.april gjekk konfirmantane frå dør til dør og samla inn pengar til skulegong for barn og unge i Mali. Aksjonen vart til i samarbeid med hjelpeorganisasjonen Strømmestiftelsen og sokneråda i Hjelme og Blomvåg. I Hjelme sokn vart det samla inn kr 12.576,- og i Blomvåg sokn vart innsamlingsresultatet kr. 19.607, 50,-! Dette var svært gledeleg! TAKK til alle som gav pengar til det gode formålet, takk til konfirmantane og sjåførane og takk for innsatsen frå sokneråda!

Og til de konfirmantar: **Takk-for-innsatsen-gåva til deg ligg no på kyrkjekontoret og ventar – kom innom oss for å hente den!**

ord. I vår tid er dette ein ufatteleg og nærast respektlaus påstand, at det finst eit ord som er sant, ja, sanninga. Men dette er varemerket åt dei kristne. Teiknet på at vi elskar Jesus, er at vi held fast på hans ord. Kjærleiken til Kristus viser seg i truskap og lydnad mot ordet, det ordet vi har fått i Bibelen.

«Den som elskar meg, held fast på ordet mitt. Og Far min skal elsker han, og vi skal koma til han og ta bustad hjå han.»

Kven er «vi»? Det er den treeinige Gud, Faderen, Sonen og Anden. Når denne «vi» tek bustad i oss, får vi den fred som verda aldri kan gi, Jesu Kristi fred. Difor kan Jesus seja i sin siste tale til venene sine, avskjedstalen: «Lat ikke hjarta dykkar uroast, og ver ikke motlause!»

Læresveinane var redde og hjelpelause, slik vi så ofte er, for vi skjønar ikkje kva livet er, og slett ikkje døden. Men Jesus lova at han ikke skulle la dei vera att som foreldrelause born, han skulle koma til dei.

Ja, han er hos oss, med sin fred, i alt det som uroar oss. Ved sin heilage ande.

Pinsefesten er til ære for Den Heilage Ande, med sin raude farge og med dua og eldtungene som symbol, men først og fremst ordet. Det ordet som er samstemt for Faderen, Sonen og Anden. Det ordet som aldri forgår, men som skal nå ut til alle folk, ja, som blir forstått på alle tungemål, slik som på den første pinsedag.

KPK



Eldretrefftur for Blomvåg og Hjelme

Dette året har vi gått saman om ein felles tur i 13. juni, med avreise frå Hellesøy kl 08.00 og frå Rong ca. 08.45. Det vert køyrt innom dei sidevegane det er påmeldt deltagarar. Målet er Rosendal med Baroniet!

I tillegg har vi andre godbitar som vi både skal smaka og sjå på denne turen. Sidan kommunen sponsar oss, er prisen sett til berre kr 350, alt inkludert.

Meld deg på innan 3. juni anten til Jarle Dale, tlf. 5638 7338, eller til Kjell Døskeland tlf. 5638 9032. Det er avgrensa plass.

Med kors, bibel og motorsykkel

Det er torsdagskveld på torget i Bergen. I det fine maiveret fyller motorsyklar i alle kategoriar opp plassen. Her møtest medlemmer i dei forskjellige motorsykkelklubbane kvarandre, og her går "vanlege" folk rundt og beundrar doneingane.

Det er Bjørn Sæle som gjerne vil visa oss dette miljøet som han har hatt stor glede av å ta del i gjennom fleire år.

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter

Ei stund etter dei andre klubbanne har inntatt torget, kjem det køyrande ei gruppe med kors på skinnjakkeryggen. Holy Riders er namnet og dei er også ein del av MC-miljøet denne torsdagskvelden. Dei kjem direkte frå klubbkveld i Norkirken der dei har delt Guds ord saman.



Vi fekk ein prat med avdelingsleiaren i Bergen, **John Kogstad**.

Kvífor er du med i Holy Riders?

- Eg likar svært godt å køyra MC og ha dette som hobby. Gjennom Holy Riders får eg vera eit vitne for Jesus og leva som ein kristen midt mellom andre MC-folk.

Har de noko målsetting med det som de driv på med?

- Vi ønskjer å vera synlege som kristne med korset på jakkeryggen. Det viktigaste for oss er at andre MC-arar skal få del i evangeliet. Dette gjer vi gjennom samtale om kristne spørsmål og ved å dela



ut denne spesielle boka som har namnet **Biker Bibel**. Den inneholder Det nye testamentet og vitnesbyrd frå menneske som er komne til tru gjennom dette arbeidet.

Blir de respektert av andre klubbar?

- I høgste grad. Vi får tilgang til andre MC-klubbar sine arrangement og har ikkje vore utsett for mobbing eller trakassering på nokon måte.

Korleis blir ein medlem av Holy Riders?

- Det er ikkje knytt spesielle vilkår til dette, men det er ein fordel at ein deler visjonen vår. Ein må vera personleg kristen for å bera ryggmerke som ein får etter å ha vore medlem i minst eitt år og teke del på nokre av arrangementa våre. Vi kjem gjerne ein tur til Øygarden for å ta del på ungdomssamlingar der vi kan presentere visjonen vår og visa fram dei flotte syklane våre!

Ta gjerne kontakt med avdelingsleiaren på e-post: bergen@holyrider.no, eller på telefon: 918 02 288.



Minneord om Mikkel-Johan Olsen



No er det snart 3 månader sidan vi mista guten vår på den verst tenkelege måten. Det som berre hender andre, ramma oss denne gangen. Vi skulle ikkje få oppleve meir saman med Mikkel, ikkje få sjå han meir, aldri meir høre den glade stemma hans ljome gjennom huset: "Hei mamma og pappa, eg er heime!". Frå å vera ein stor og sammensveisa familie på 8, blei vi på eit øyeblikk ein liten familie på 7 i stor sorg.

Mikkel tok tidleg ansvar og var både tålmodig og påliteleg tross sin unge alder. Den spesielle omsorga og interessa han viste for dei rundt seg, varma oss foreldre.

Mikkel var veldig kreativ og ein som ikkje kjeda seg lenge av gangen. Det var alltid han som tok initiativet til ein morsom leik, som det siste han fant på: Skattejakt for søskena, der han hadde gøynd ein "gullbillett" (etter oppskrift fra "Charlie og sjokoladefabrikken"). Premien var ein times spel på "Gameboy'en" hans.

Han var glad i forme ting med hendene, og vi har mange kunstverk etter Mikkel.

Han trivdest veldig godt på den nye skulen, og fekk fort nye venner her. Etter at vi flytta til Øygarden, var Mikkel med på "Gutten" og "Yngres" på Vik, og i skulekorpsen på Rong.

Men det Mikkel likte aller best, var å sparke fotball. Det var nesten ikkje ein dag utan at han var i ballingen. Torsdag 23. februar var Mikkel ferdig med si første fotballtrening denne sesongen. På sykkelen på vegen heim blei han påkjørt og drepen.

Livet kan aldri bli det same utan den gode guten vår. Mikkel-Johan var uerstatteleg for oss og derfor er saknet stort. Men Mikkel vil for alltid leve vidare i dei gode minna vi har. Vi lyser fred over Mikkel-Johan's minne.

Bror Axel, Helene, Lars-Nikolai, Tom-Andreas, Sven-Eivind, Mereihe og Yngve

Salmehelsing frå Etiopia

Salmar er ein skatt! Dei har eit eige språk som hjarta forstår. Å ha eit salmerektoar er ein rikdom som gjev meg mykje i dei livssituasjonar eg er inne i. Salmane seier noko om det viktige i livet. Det som er overordna livet, og som samtidig rører med kvardagen. I veldig mange salmar er heile livet tatt med, og i siste verset er evigheten det sentrale.

Av Ellen Sæle Hansen

Den salmen eg har valt vil eg knytte til ein kvardagshistorie. Eg jobbar for tida i Etiopia. Her underviser eg på ei musikkutdanning som skal utdanne kyrkjemusikarar i den protestantiske kyrkja i landet. Ein dag kom ein av studentane mine på pianoundervisning med eit ønskje: "Ellen, eg har ein salme som eg må lære meg. Me brukar han i kyrkja mi, og eg treng å lære den på piano. Kan du få tak i notar, eller hjelpe meg med å finne dei rette akkordane? " Dette såg eg på som ei utfordring, fordi melodiane i etiopisk musikk er tradisjonelt veldig ulike våre. Før eg hadde tenkt meg ferdig begynte han å syngje: "O Store Gud når jeg i undring aner...", på amharisk sjølvsagt, som er eitt av dei mange språka i Etiopia, men med den svenske folketonen som me brukar. Eg blei heilt stum. Då han spurte om eg hadde hørt den før, måtte eg berre le. Han skulle berre visst kor godt eg kunne den sangen. Han hadde nokre etiopiske variantar på delar av melodien, men elles var det ganske så "norsk" eller "svensk" for å vere heilt nøyaktig.

I dette øyeblikket følte eg at Gud er stor. Kyrkja er kanskje det mest internasjonale me har. Forskjellen mellom kulturar vert så liten når ein kan dele ein salme over landegrensene. Tenk at den same salmen som eg sikkert har lært på Sæle bedehus med ein predikant og

10 møtedeltakrar til stades, møter eg att i Etiopia 25 år seinare. Sjølvsagt har svensk og norsk misjon ein finger med i spelet her som har tatt med sine salmar og melodiar verden over, men likevel... Eg fekk stadfesta det eg lenge har vore oppteken av. Gud er stor, og han er ein dimensjon som er større enn alt.

Samtidig som han er nær oss i alle dei kvardagsopplevingar me ønskjer å trekke han inn i. Denne salmen seier både at Gud er skapar, og at han held oppet det han har skapt. I tredje verset er det Gud som menneske i vår verden som er det sentrale, og salmen rundar av, som så mange andre salmar gjer, med den evige dimensjon som Gud gjev oss lovnadar om.

Utfordringa går vidare til Synnøve Sandøy Voldsdund



KAFFEKROKEN



BARNEVEKA PÅ SKJERGARDSHEIMEN 3.- 5. APRIL 06


Me var spente då me møtte opp til første kvelden. På plakaten stod det "PANGSTART", og det vart det jammen, og. Kalle klovn og Boble klovn starta med eit skikkeleg PANG, og elles var dei flinke å samla inn kollekt og gjera kunster,...etter at dei fekk øvt seg litt!!

Med oss på barneveka denne gongen var både NLM-teamet og dei to eittåringane i NI. Det var gøy. Dei hadde spennande påskeandaktar til oss, med skuggeteater, drama og forteljing.

Første kvelden hadde me tema om skjærtorsdag, og då åt me brytemat (bollar) til slutt, men ikkje gløym at me laga gule og kule kyllingar først!

Andre kvelden vår heitte "GUL SKYGGGE-KVELD". Me fekk sjå lysbilder frå prosjektet som me samla pengar til i Bolivia. Me fekk sjå skuggeteater om langfredag, og etter det laga me hjerter som me fekk hengja fram på korset. Denne kvelden såg me og leirfilm frå Raknestunet. Det er leirstaden til Nordhordland Indremisjon, og ligg på Osterøy. Maten var gul, og den bestod av gul gelé og gul frukt. Nam! Gult er godt!!

Siste kvelden vart ein "GLEDESGØYFEST" med



1. påskedag som tema. Me hadde ein flott andakt, og det vart utloddning der alle vann! Kiosken opna, og her skal det seiast at "maten" smaka...

Med eittåringane sin ludo-bil, og med Laman på veggen som spytta til over 3500 kr i kollekt, vart dette ei flott og spesiell barneveke. Flott å sjå at det kom mellom 45 og 65 born kvar kveld, og at foreldre stilte i hopetal. Det virka som alle koste seg, men det viktigaste av alt var at me fekk møta Jesus og bli meir kjent med han. Takk for denne gongen!



Helsing søndagsskuleleiarane på Tjeldstø, Sæle og Hellesøy, NLM teamet, eittåringane og Kari.



Sommerleirer

Sætervika Ungdomssenter 2006

19. - 21. mai	Familieleir		
21. - 24. juni	Leir 1	9 - 12 år	kr 570,-
25. - 27. "	Leir 2	8 - 10 år	kr 345,-
27. - 30. "	Leir 3	10 - 13 år	kr 585,-
3.- 5. juli	Leir 4	7 - 10 år	kr 345,-
31. - 4. aug.	Leir 5	10 - 14 år	kr 720,-
4. - 6. "	Generasjonsleir		

For program/ påmelding kontakt:

NLM, Bergen krets, Sydneskleiven 22, 5010 BERGEN

Tlf: 55 90 48 00 Fax: 55 90 48 10 E-post: bergen@nlm.no

Takk for oss!

Nå nærmer det seg utrolig fort slutten på året vårt som team her i Øygarden. Tida har gått alt for fort synes vi, og det er på tide å se tilbake på alle de gode minnene etter et fantastisk kjekt år!

Vi har fått oppleve mye sammen med dere alle. Mange kjekke leirer og weekender med mye moro, svetting på KRIK, seine Ichtysskvelder, og MYE ligretto-spilling!!! Husk folkens, ærlighet varer lengst, også i ligretto!!! Utrolig mange gode minner har vi også fra konfirmantundervisningen, og ikke minst fra konfirmantleiren og Crazy games - for en flott gjeng dere er, til og med tidlig i seng, vi var helt sjokka!!!

Bibelgrupper har også vært en viktig del av dette året. Det har vært kjempespennende å lese og snakke sammen om det som står i bibelen. Håper dere husker det vi har snakket om, og at dere vil fortsette å lese i bibelen.

Vi vil heller ikke glemme **barneukene** med det første. Dette var to kjempekjekke uker. Vi fikk høre mye om Jesus, misjonsklovnene kom på besøk, vi samlet inn masse penger til Bolivia, og Laman spytet kjempelangt!

Vi synes vi har vært de heldigste ettåringene som fikk muligheten til å reise i team i Øygarden og bli kjent med dere!

Vi har virkelig hatt en fantastisk kjekt år, og dere er mye av grunnen til det!!!

Minnene er mange og det er mye å huske, men det vi håper dere husker aller mest, er alt det som er blitt sagt om Jesus, om den Han er og det Han har gjort for oss!

"For så har Gud elsket verden at Han gav Sin Sønn Den Enbårne, for at hver den som tror på Ham ikke skal gå fortapt, men ha evig liv". Johannes 3.16

Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Kirkens SOS trenger flere frivillige medarbeidere til krisetelefonen, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering. Kurset går på mandagskvelder med kursstart 18. september 2006. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd". Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på www.kirkens-sos.no



Hilsen fra Teamet
Herborg Kari, Marita, Andreas og Øyvind

vestbok

Pb. 2003 Vetrlidsallmenningen, 5828 Bergen

Eit utval bøker og CD-er finn du på
kyrkjekontoret i Øygarden.

Nettbutikk: www.vestbok.no

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Flåten & Sæle TRADING

Vi har alt til hagen din!

- Sommerplanter
- Stauder
- Busker
- Trær
- Fine hagefigurer
- Plantejord
- Jordforbedring
- Dekkbark
- Gjødsel for plen og bedd
- Spon(strø) for kompostering og for fjøsdrift

Vi held til på Kvalstasjonen i Blomvågen

Ved større kjøp kan varene leveres fritt.

Ta kontakt pr. tlf. 56 38 93 05 eller kom innom.

Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

www.fs-trading.no

e-post: post@fs-trading.no

**Din totalleverandør
i Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09
Adr. Pålsneset, 5337 Rong
www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personar.

Arrangerer byllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levere mat til alle
anledningar.

Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP
Teatergt. 20, 5010 Bergen
Tlf. 55 21 44 50
Mobil 917 51 700
• DØGNAKT
• PARKERING
• BLOMSTER
• MONUMENTER
Vi utfører alt det praktiske eller tilbentelegget
for påmende som ønsker å giare noe selv.

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer
Rullestol

Telefon: 56 38 77 73
Mobil: 90 59 90 59

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på
tlf: 56 38 91 91 / 951 12 634

Gravminner

Leveres ferdig monert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Sommarhelsing frå Kenya

Enda ein varm og fin dag her i Mombasa! Eg høyrer de har sommar i Norge også no i mai. Vi har nok over 20 grader kvar dag i året, men det føltes bra kjølig her om dagen då det regna som verst, da var det berre 24 grader.

Like for påske skjedde det ei tragisk flyulykke her i Kenya der 6 medlemmer av parlamentet omkom. Dette gjorde sjølvsgart sterkt inntrykk på heile nasjonen, i tillegg er det tørkekatastrofe i store delar av Kenya og mange har omkome på grunn av mangel på vatn. Fredag etter påske annonserte presidenten offentleg fridag, og denne dagen skulle vere ein offisiell bønnedag! Like etter kom det regn mange stader i Kenya.

Ja vi har fått regn her hos oss også, 250 mm på to døgn + litt før og etter. Det gav eit godt tilskot til vanntanken, så no trur eg vi har vatn til vårt forbruk dei neste 6 mnd. Regn er alltid kjærkome her i Afrika, men diverre var det liv som gjekk i år også. Regnet kjem i slike store mengder at då vert det flaum som tek med seg det som er, både hus og anna.

Med oss fire i familien går det bra og kvardagar er det mest av her også. Men for oss no vert det litt fest når Christopher er heime, han er til vanleg på internatet i Nairobi. No har han vore heime sidan påskeferien starta, men på fredag reiser han tilbake til Nairobi. Vi har hatt lærar her dei siste to vekene, og sidan det var Oddvar (Sodefjed) som skulle vere her, ville Christopher også vere her. Oddvar er til vanlig læraren for Christopher i Nairobi så gutane har riktig kosa seg.

I arbeidet elles synest vi at vi er på rett plass. Vi driv med kontaktskapande arbeid inn mot s-folket og Janesh har lese og skriveopplæring kvar dag. Av og til om søndagane er han ute og preikar i ei av kyrkjene her på kysten. På søndag var vi på Mensamwenye, ein landsby som ligg mot grensa til Tanzania, vi køyrdi i 1 ½ time før vi rakk fram. Her møtte vi ein fin forsamling på rundt 30 personar der dei fleste var ungdommar. Det er fint å sjå mulighetene i ei slik forsamling, ver med å be om at desse unge må få vekse i kunnskap og kjennskap til Guds ord.

Så må vi igjen få seie TAKK til øygardingane som gjorde det mulig for Janesh å få motorsykkel! Den er i bruk kvar dag, og med sykkelen kan han reise til stader der det er umulig for bilen å komme fram. Den har alt vist seg å vere eit godt og billig arbeidsreiskap i å etablere kontakt med s-folket.

Vi har også fått kontakt med eit par ikkje så langt frå der vi bur, så eg brukar litt av mi tid saman med dei. Eg synest det er fint å ha nokon å snakke med så eg kan få praktisere litt språk. Vi merkar at dei vi har kontakt med set pris på at vi kjem på besök og at vi prøver oss på språket. Det er også positive erfaringar for oss.

No til slutt vil vi kome med ei takk og påminning til dykk med ordet som står i 2. Kor. 1, 11 "Og de må koma oss til hjelp med bønene dykkar. Når mange bed, vil det fra mange munnar stige opp takk for Guds nådige hjelp og for alt det han har gjort for oss"

God sommar til alle og takk for at de hugsar på oss her i Kenya.



Varme helsingar frå David, Christopher, Turid og Janesh

Kjersti og Andreas til Nairobi



Kjersti og Andreas Kårbø har svara ja på tilbod frå Misjonssambandet om å tenestegjera ved den norske skulen i Nairobi dei neste to åra. Begge har fått permisjon frå jobbane sine i Øygarden kommune i denne perioden.

Av Odd N. Thormodsæter

Kva er det som driv dykk til dette?

-Vi har hatt dette i tankane lenge. Har ofte besøkt Kenya og er fasinert over landet og folket og det arbeidet misjonen driv. Ser det som ei stor utfordring å få gjera ei teneste først og fremst på den norske skulen. For oss er noko av det viktigaste at barna til misjonærane har det bra. Vi har også lyst å gjera teneste i ein kristen samanheng, – vera ressursar inn i eit lite norsk miljø.

Kva trur de blir den største utfordringa?

-Noko av utfordringa til Kjersti blir den delen som har med den reisande verksemda å gjera, der ein vitjar familiar med barn frå 1. til og med 4. klasse både i Kenya og i Tanzania. Dette gjer ein for at misjonærbarna skal sleppa å bu på internat før dei skal opp i 5. klasse. -Det blir også ei utfordring å møta nye medarbeidarar som vi må forholde oss til og læra av.

Vi er audmjuke over at vi fekk dette tilbodet og opplever det slik at Gud vil ha oss i Afrika i ein periode.

Kva er dine største utfordringar Andreas?

Eg er "alt-mulig-mann" også i denne samanhengen. Det er i høgste grad trong for min kompetanse innan bygg, anlegg og vedlikehald.

Søndag 18. juni i Hjelme kyrkje kl 18.00 kan du få vera med på ei forbønshandling for Kjersti og Andreas. Velkommen både til Hjelme kyrkje og til festen som blir arrangert av NLM på Blom bedehus 11. juni.



SparebankenVest

- satser på Vestlandet

NB! Ny brød- og ferskvareavdeling!



RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Catering - Snitter/koldt bord + Varm mat



Rong Kafe a/s

Telefon 56 38 74 54

Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong



ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter • 56 38 95 15

- Forbedrer helsen
- Gir energi
- Bedrer fordøyelsen
- Bedrer pusten også ved astmaproblemer
- Hjelper lever/nyrer
- Motvirker stress
- Bedrer søvnvanene
- Psoriasis / Hudproblemer
- Gir bedre blodsirkulasjon



TORSVIK

ELEKTRISKE AS

Torsteinsvik - 5337 RONG

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmsanlegg
Antenneparabolantlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning



Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no



**Harkestad
Betong AS**

Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

Mange nye tekstiler i fine vårfarger

Mand-fred 10-18
Lord 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99



TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12-års solhimmel eller 20-års solseng med god kvalitet fritt levert

Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

BPS

Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22



Butikken har blitt mye større, med stort utvalg av godbiter fra vårt kjøkken.
 * Moderne bilverksted m/EU-kontroll
 * Reperasjon av alle bilmerker
 * Moderne vaskehall



MECA

**BLOM
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

DALEKLETTEN
5337 RONG
Tlf.: 56 38 87 32
FAKS: 56 38 87 32
MOBIL: 91 16 83 75

TORSVIK MUR

VIDAR VIK TORSVIK
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



-fagkunnskap gir trygghet.



**Malvin
Harkestad
& Sønner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

GUDSTENESTER

Gudstenester:

4. juni **Blomvåg kyrkje kl. 11:00:** Høgtidsmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Misjon uten grenser. Nattverd
5. juni **Hernar bedehus kl. 12:00:** Høgmesse v/Svenn Martinsen. Offer til Hernar bedehus. Nattverd. Båt frå Hellesøy kl. 11:30. Ta med mat og drikke.
11. juni **Blomvåg kyrkje kl. 11:00:** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Åpne dører. Dåp. Nattverd
18. juni **Hjelme kyrkje kl. 11:00:** Høgmesse v/ Helge Unneland. Offer til NLM. Vi har ei markering av at Kjersti og Andreas Kårbo reiser til Nairobi. Nattverd. Kyrkjekaffi
25. juni **Blomvåg kyrkje kl. 12:00:** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Offer til Det Norske Bibelselskap. Nattverd
2. juli **Hjelme kyrkje kl. 11:00:** Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Offer til menneskeverd. Nattverd.
9. juli **Blomvåg kyrkje kl. 11:00:** Høgmesse v/Svenn Martinsen. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.
16. juli Viser til gudstenester i Fjell
23. juli Viser til gudstenester i Fjell
30. juli **Hjelme kyrkje kl. 11:00:** Høgmesse v/ Otto Høvik. Offer til Det Norske bibelselskap. Nattverd.
6. aug. **Blomvåg kyrkje kl. 11:00:** Høgmesse v/ Otto Høvik. Nattverd
13. aug **Hjelme kyrkje kl. 11:00:** Familiemesse v/ Otto Høvik. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd
20. aug **Blomvåg kyrkje kl. 11:00:** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Jubileum for 50 års-konfirmantar. Dåp. Nattverd
27. aug. **Hjelme gamle kyrkje kl. 11:00:** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Jubileum for 50 års-konfirmantar. Nattverd.

INNkomne OFFER

Innkomne offer:

Blomvåg

27. nov – Kyrkjelydsarbeidet
18. des – Kor, korps, band
24. des.- Barnearbeid i Peru
25. des – det Norske Misjonsselskap
8. jan – norsk Gideon bibelselskap
22. jan – Kyrkjelydsarbeidet
5. febr. – Nordhordland Indremisjon
19. febr – kyrkjelydsarbeidet
5. mars – Bergen søndagsskulekrets
19. mars – kirkens Nødhjelp
2. april – Norsk Luthersk Misjonssamband

kr. 3567,50
kr. 2957,50
kr. 7918,50
kr. 3415,-
kr. 2188,-
kr. 2158,50
kr. 2228,50
kr. 2911,50
kr. 1743,-
kr. 3270,50
kr. 5236,50

Hjelme:

4. des – Menneskeverd
11. des – Kor, korps,
18. des – Familie og Medier
24. des – Barnearbeid i Peru
26. des – Det Norske Misjonsselskap
1. jan – Kyrkjelydsarbeidet
15. jan – Den Norske Israelsmisjon
29. jan – Bibelskulen bildøy
12. feb – Kyrkjelydsarbeidet
26. feb – Norsk lærarakademi
12. mars – KRIK
26. mars – Familie og medier

kr. 1312,-
kr. 2360,-
kr. 1695,-
kr. 9700,-
kr. 2207,-
kr. 1782,-
kr. 2390,-
kr. 1627,-
kr. 1515,-
kr. 2924,50
kr. 2842,50
kr. 5458,-

TAKK

Takk til alle som huska meg på 90 års dagen min
14. mai. Takk for gåver og blomehelsingar.
Helsing Pauline Nilsen Rong m/ familie

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypete:

- #### Blomvåg:
- Teodor Toft Gundersen, Toft
Johannes Andersen, Oen
Vendla Vatne Larsen, Rong (Laksevåg kirke)
Kristoffer Westby, Rong (Haakonsvern kirke)

Hjelme;

Kristian Ekse Strandheim, Rong

Døde:

- #### Blomvåg:
- Olai Gjertin Blom, Blom f. 1921
Håkon Johan Herdlevær, Herdlevær f. 1946

Hjelme:

Magne Sture, Hernar f. 1930
Ola Sørhaug, Tjeldstø f. 1917
Solveig Elisabeth Heggholmen, Tjødnavegen f. 14920
Margit Amalia Svellingen, Hellesøy f. 1920

TIL LUKKE

70 år:

- 05.juni Ruth Oddlaug Rong, Søre Sæle
24.juli Norvald Rødsand, Tjeldstø

75 år:

- 17.06. Klara Blomvågnes, Flåten
27.06. Kristine Johanne Torsvik, Rongesund
24.07. Leif Jonas Ulvøen, Flåten
31.07. Berit Mary Blom, Blom
06.08 Kåre Arthur Husebø, Blomvågnes

80 år:

- 08.juni Willy Kurt Ingvaldsen, Alvheim
15.juni Aslaug Kristiana Rossnes, Rosnes
23.juni Olaf Andreas Torsvik, Torsvik
02.juli Olav Anders Herdlevær, Herdlevær
06.juli Ingrid Konstanse Svellingen, Nautnes
11.juli Amalia Rong, Rong
16.juli Marie Karina Svellingen, Svellingen
05.aug Petra Torsvik, Torsvik
06.aug Jenny Alvhilda Rong, Rong
16.aug Bertha Dorthea Tjøng, Nordvik
20.aug Anna Katrine Blom, Blom
27.aug Astrid Sigrid Dale, Dale

85 år:

- 29.juli Olivia Oen, Tjødnarvegen
10.aug Karina Alvheim, Alvheim

90 år:

- 29.juni Brita Helena Rong, Rong
05.aug Margit Viktoria Herdlevær, Herdlevær

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærmare informasjon.



Gudsteneste i Blomvåg 14. mai

Her var det utdeling av materiell til 2- og 4-åringar i Blomvåg sokn.

Ei mannsgruppe frå Bibelskolen på Bildøy gledde oss med friske, velkjende songar.

Prest denne dagen var Helge Unneland som fekk ei skikkeleg utfordrande oppgåve med så pass mange barn til stades. Takk til alle for ein flott innsats!




Foto: Kari S. Rong

17. mai i Øygarden

Glimt frå Rong og Hjelme



Foto: Kari S. Rong og Kari B. Solheimslid

Konfirmandar 2006



Blomvåg 29. april



Blomvåg 30. april



Blomvåg 6. mai



Hjelme 6. mai



Blomvåg 7. mai

Foto: Elling foto, Straume

Du er elska av Gud!

Tekst: Rannveig Vestbøstad Vik

Foto: ONT

Ein kan på det nærmeste kalle det ein ildprøve...då bunaden og dressen skulle glitre for første gong, i deira eigen konfirmasjon. Ramma om alle dei fem konfirmasjonsgudstenestene siste helga i april og første helga i mai var i høgste grad varm og sommarleg. Alle såg ut til å vere nøgd med finveret, sjølv om rykta seier at nokre konfirmantar heldt ut berre kort tid før eit litt lettare antrekk kom på!

Sidan Blomvåg kyrkje er så pass liten måtte konfirmantane delast i fire grupper for at alle som hører til i dette soknet, skulle få plass.

Til saman vart 64 ungdommar konfirmerte i Hjelme og Blomvåg sokn dette året.

I gudstenestene var sjølvsagt høgdepunktet då konfirmantane knelte ved altarringen og vart bedt for. Nokre var svært nervøse, og nokre meinte dei var nær ved å snuble i kappane sine – men frå utsida såg det meste roleg og kontrollert ut! Frå forbønshandlinga fekk kvar konfiant med seg eit kors om halsen; eit kors som på fleire vis skal minne om at dei er uendelege dyrebare for Gud. Det er den vona vi som kyrkjelydar har for alle som har vore konfirmantar i år; at om det meste av utanatlekser og andre ord vert gløymde, sit desse orda igjen i hjarta: ***At du er elska av Gud.***



Konfirmantane tenner kvart sitt bønelys i lysgloben.



Marianne og Oda syng "Jesus passer på meg".